



Klar til kamp og kamprop. (Foto: Tor Gundersen)

Tysdag 22. mai var det klart for ny kamp for J17 laget til Rosendal/Uskedal (R/U), denne kampen på heimebane mot Samnanger. R/U fekk ein god start i denne kampen og resultatet etter 1. omgang synte 4-0 leiing til R/U. I 2. omgang kom Samnanger meir med og scora 2 mål, før R/U igjen tok styringa i kampen til sluttresultatet 8-2.

Motstandar Samnanger er eit 7'ar lag, noko som (R/U) jentene vanlegvis ikkje spelar og blir ein anna spelemåte en det R/U er vane til. Men positivt å trena på for det er 7'ar lag R/U skal stilla med i Norwaycup. Samnanger ligg sist i pulja og er eit lag R/U normalt skal vinna over på ein «normal» dag.

R/U kjem godt i gang og styrer kampen frå start og gjennom heile 1. omgang og går til pause med 4-0 leiing. Målscorar er Ina T. Sandvik med 3 mål og Thea S Taranger med 1 mål.

Etter ein vel fortent pause går jentene på bana med stor tru på at ein skal klara å laga fleire mål på Samnanger. Dessverre rotar R/U det til i starten av 2. omgang, noko som truleg skulast mange spelarbyter. Samnanger scorar to gonger og reduserer til 4-2. Treinar Tor Gundersen grunnjev at spelarbyta var gjort, for at alle spelarane skal få så mykje speletid som mogeleg.

R/U tar seg saman og byrjar å score mål igjen. Ina T. Sandvik scorar 3 nye mål og Lene Furdal 1 mål i 2. omgang til sluttresultatet 8-2 til J17 jentene. Etter treinar Gundersen si meining burde jentene vunne med enda meir i denne kampen, men kan ikkje være skuffa med 8-2 siger.



Ida Marie Eidsvik – Hanna Tvilde – Silje Soldal Disse Uskedals jentene er heiagjeng for dagen. (Foto: Erlend Bøyum)

Lag R/U:

May Beate Brakstad

Adele Bauge

Mathea Bondhus

Amalie H. Rød

Camilla M. Ripel

Eli Omvik

Lene O. Furdal (1 mål)

Lisa Jonetta Ølvestveit

Marte Bøyum (c)

Thea S. Taranger (1 mål)

Guro K. Leganger

Ina T. Sandvik (6 mål)

Neste kamp er borte mot Bergen Nord 2. Då er tilbake til 9'ar fotball.

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø

Nett: Hans Ordin Østebø